

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

ÅRSRAPPORT 2016



Assurance
in Social Services

Innhold:

1. Innholdslista.....	side 2
2. Forord.....	side 3
3. Føremål, visjon og verdier.....	side 5
4. Organisasjonen.....	side 6
5. Kompetansekrav, kompetanse og komp.heving.....	side 9
6. Rammer og godkjente plassar.....	side 11
7. Avdelingane.....	side 12
8. Samarbeid.....	side 14
9. Kontrollar, sertifisering, rapportar m.m.....	side 14
10.Resultat.....	side 15

Forord

2016 var eit år utan dei store hendingane . Nedskjæring og omlegginga vart gjort året før, så 2016 går nok inn i historia som eit år utan dei store hendingane. Det som må seiast var at me fort såg at Aufera var ei heilt anna bedrift utan kjøkken, som var ei av endringane som vart gjort. Det vart merkbart stillare på Aufera, sjeldan kundar kom innom, og det opplevdest som det mangla noko vesentleg. Kjøkkendrifta stoppa om lag samstundes som nedgangen i næringslivet generelt minka. Vaskeriet fekk mykje mindre å vaska, begge sjukeheimsinstitusjonane me vaskar for hadde til tider mange ledige senger. Slikt merkast. Særleg når det på same tid er fleire arbeidstakarar som skal dela på mindre arbeid (dei som før var på kjøkken skulle no ha arbeid på vaskeriet).

Også i 2016 var det stort sjukefråvær i Aufera og utfordringar med å finna vikarar. Det er det som oftast, men særleg på avdelingar med ein arbeidsleiar kan dette gje store utfordringar. Me har vore heldige, og har hatt to personar som har delt ei stillinga no i snart eit år.

Då kjøkkenet vart stengd mista me og pågangen frå dei vidaregåande skulane og elevar som ynskjer arbeidsutprøving. Erfaringa vår er at skulane har linjer som er relaterte opp mot kjøkken eller treavdelinga. Tidleg i 2016 opna me dørene på kjøkkenet ein dag for veka. Aufera hadde då opplevd ein stor pågang frå kundar og «pårørande» som hadde lite forståing for dei vedtak som vart gjort. Politikarar og andre sentrale personar fekk ein del tilbakemeldingar på at kjøkkenet på Aufera burde «sparast». Frå august 2016 opna kjøkkenet ein dag til. Det gjorde og at me fekk fleire elevar på arbeidsutprøving. Ein anna effekt av dette var at bussgjestane som me måtte avvisa i 2015, no kunne få koma tilbake. Alt i alt såg ein kor mange små og store effektar kjøkkendrifta hadde.

Effekten av nedbemanninga sett frå ein økonomisk ståstad var klar. Frå 8 til 5 ordinære stillingar gjev utteljing, og resultatet for 2016 viser det. Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at Aufera på same tid mista ein del kompetanse. Oppgåvene som vart gjort i 2015 skulle også gjerast i 2016, men no av færre tilsette. Sjølv om me håpar at tilbodet ikkje har vorte vesentleg dårlegare, så kan ein ikkje sjå bort frå det. Det vart stillare i gangane, ein del spesialkompetanse var vekke, fokuset på attføringsarbeide vart mindre, og me såg ikkje lenger rom for oppfølginga som språkpraksisplassar krev.

På Generalforsamlinga vart stort sett heile det «gamle» styret skifta ut. Det kan vera både vemodig, men og nyttig med nye folk. Kva strategi og retning Aufera skal ta vidare vil truleg koma meir fram i 2017. Det tek ei tid for nye folk å setja seg inn i stystemet. Bransjen me driv i er generelt prega av store endringar og mange av dei store søsterbedriftene våre har mykje større utfordringar enn det Aufera har. Fokus på anbod i bransjen har sett sitt preg rundt om. Aufera har i

skrivande stund berre folk i VTA-tiltak (utanom elevar frå vidaregåande skular). Men også på dette tiltaket har det vore innspel på om det skal vera som no, eit statleg tiltak, slik alt anna som har med arbeid å gjera, eller om kommunane skal få ansvaret for VTA. For eigen del oppfattar eg det som eit stort steg tilbake om det skulle verta ein realitet. Heile bransjen jobbar aktivt mot dette saman med mange sentrale politikarar, så ein får håpa ein vinn fram. Ein har jobba lenge for å verta akseptert på lik lingje med alle andre mennesker.

NAV signaliserer ynskje om samanslåingar til større og færre bedrifter. For Aufera sin del opplever me utfordringar nok geografisk slik det er i dag. Offentleg kommunikasjon mellom dei tre eigarkommunane våre kunne i så måte vore betre.

Medgang og motgang, Aufera opplver stolte eigarar og ikkje minst mennesker som er stolt over arbeidsplassen sin. Det fekk me stadfesta i spørjeundersøkinga som nett har vorte gjennomført. Alle på VTA, alle elevar, alle ordinært tilsette og sakshandsamarar på NAV-kontora har vore spurd. Me fekk svært gode tilbakemeldingar, så me har mykje å leva opp til for å halda det nivået.



Hyggeleg samvær i solveggen i Skjerjemhamn

Føremål, visjon og verdiar

Føremål:

Verksemda sitt føremål er å tilretteleggja arbeidsplassar til yrkeshemma personar som har ei restarbeidsevne, uansett årsak til yrkeshemming. Å gje meiningsfylt arbeid utifrå den enkelte sine føresetnader.

Arbeidet skal vera med å vedlikehalda og utvikla den enkelte sine ressursar og kompetanse.

Visjon:

Me skal utvikla oss vidare gjennom ein meiningsfull kvardag med tilpassa arbeidsoppgåver og auka meistringskjensla.

Verdiar:

Trivsel

Me ynskjer å ha det kjekt saman på arbeid og kunna gleða oss til å gå på jobb.

Me viser respekt for kvarandre og aksepterer at me er ulike.

Me har og respekt for arbeidsplassen, utstyret vårt og kundane våre.

Me er positive til kvarandre og til nye utfordringar. Frå at me seier god morgon og «ser kvarandre», til at me er positive i kontakt med kundar og samarbeidspartar.

Kvalitet i alt me gjer

Me skal levera rett produkt og teneste til rett stad og rett tid.

Kvaliteten skal gjenspeglast i alle arbeidsprosessane.

Mot

Me skal ha mot til å møte nye utfordringar og prøva nye ting.

Me tør å by på oss sjølve, tør å stå for noko, og ta eit val. Me har mot til å vera medmenneske og inkludera andre.

Organisasjonen

Aufera AS
Mangersnesvegen 72
5936 Manger


Telefon: 55602472
E-post: post@aufera.no
<http://www.aufera.no>

Aufera AS er eit aksjeselskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje og Radøy.
Fordeling av aksjekapitalen er:

Austrheim kommune	37 %
Fedje kommune	16 %
Radøy kommune	47 %

Styrerepresentasjonen er 2 styremedlemmer til Austrheim, 1 styremedlem til Fedje og 2 styremedlemmer til Radøy.

Organisasjonskart Aufera AS



Generalinga i perioden 2015 – 2019:

Austrheim	Jan Erik Espelid	vara:	Reidar Øksnes
Austrheim	Siri Kaland	«	Monica Thorpe
Fedje	Kristin Handeland	«	Stig Øien
Fedje	Paul Knapskog	«	Ottar Tangen
Radøy	Morgan Taule	«	Ståle Villanger
Radøy	Else Marie Dale	«	Dag Sætre
		«	Karolina Vaktskjold
		«	Roy Bøe

Generalforsamlinga vart halde 01.06.2016

Styret:

Fram til Generalforsamlinga:

Leiar:	Johan Sandal	Radøy
Nestleiar:	Grete Herøy	Fedje
Styremedlem:	Olav Mongstad	Austrheim
«	Solveig Lerøy	Austrheim
«	John Bauge	Radøy

Vara:	Terje Utkilen	Austrheim
«	Magnus Kvingedal	Austrheim
«	Vidar Bråten	Fedje
«	Kirsti Floen	Radøy
«	Rosalind G.Instebø	Radøy

Etter Generalforsamlinga var styret slik samansett:

Leiar:	Ole Lysø	Austrheim
Nestleiar:	Vidar Grindheim	Radøy
Styremedlem:	Solveig Lerøy	Austrheim
«	Roy Asle Tunglund	Fedje
«	Eva Karin Klausen	Radøy

Vara:	Mona M. Leikvoll	Austrheim
«	Magnus Kvingedal	Austrheim
«	Tonje Gullaksen	Fedje
«	Rosalind G. Instebo	Radøy
«	Bjørn Terje Vaktsjold	Radøy

Valnemd fram til Generalforsamlinga 01.06.2016 var dei tre rådmenn i eigarkommunane. Generalforsamlinga gjorde vedtak 01.06.2016 at valnemd skal vera dei tre ordførarane i eigarkommunane.

Rådgjevande utval

I avtalen Aufera gjer med NAV står det at ein skal ha møter med fast representant frå NAV, Rådgjevande utval. Hensikta med desse møta er å fylgja opp einskildsaker. Oftast er Rådgjevande utval møter mellom ein representant frå NAV og dagleg leiar. Aufera har valt ein litt anna vri på dette, sidan me har tre ulike kommunar å forhalda oss til.

Rådgjevande utval har vore:

Austrheim: Kristine Fanebust (fagleiar psykisk helse)

Fedje: Elisabeth Matre (psykiatrikoordinator og helsesøster)

Radøy: Bjarnhild Myhre (Barne og fam.tenesta i Radøy)

NAV: Arne Jakob Vik Olsen (NAV Markedstjenester)

Aufera: Kari Smith (dagleg leiar)

Siste halvår har Marit Solbakk Øien møtt frå Fedje etter at Elisabeth Matre gjekk av med pensjon.

Kompetansekrav/kompetanse og kompetanseheving

NAV stiller ein del krav til vår type verksem, m.a. at det skal vera attføringsretta kompetanse, pedagogisk kompetanse og yrkesfagleg kompetanse (kravspesifikasjonen). Anna kompetanse ein treng/bør ha er kunnskap om sal og marknadsføring, økonomi/økonomistyring, leiingsfag og kompetanse om personalleiing, HMS/kvalitetsstyring, IKT-kunnskap og sjølvsgt kompetanse på dei aktuelle arbeidsoppgåver og maskineri på avdelingane.

Verksemda har den kompetansen som NAV krev. Arbeidsleiarane i Aufera har variert yrkesbakgrunn, og me set m.a. på erfaring innan omsorgsarbeid, kriminalomsorg, psykiatri og innan rus.

Formell kompetanse i Aufera:

Fagbrev kokk

Fagbrev blomsterdekoratør

Fagbrev barne- og ungdomsarbeidar

Handel og kontorfag

Sosial-pedagog

Spesialpedagogikk

Vidareutdanning i coaching

Basiskurs i attføring

Fokus på meir formell kompetanse vil og bør vera viktig ved framtidige utlysingar, då dette meir og meir vert eit krav.

Kompetanseheving:

Det var vore halde fylgjande kurs for alle tilsette med ekstern kursleiar i 2016:

Organisasjonsutvikling

Førstehjelp



Kursbevis etter ferdig kurs

Utover dette har det vore ordinært tilsette på kurs i:

«Kva betyr det å vera der for brukaren»

NAV sine forventningar

Forventningar til arbeidsleiar

Oppfølging og planer

Rus og psykiatri

Offentleg anbod

Personaljus

Aufera har og vore representert på studietur til Danmark der ein m.a.fekk sjå korleis dei driv med tilrettelagt arbeid.



Førstehjelpskurs



Kurs i organisasjonsutvikling

Rammer og godkjente plassar

I tida 01.01.2016 – 31.12.2016 hadde Aufera fylgjande godkjende plassar:

15 VTA (varig tilrettelagt arbeid). Det er NAV Markedstjenester som tildeler og godkjenner desse plassane.

På dei 15 godkjende VTA-plassane har det i 2016 vore 19 personar innom tiltaket. I motsetnad til naboverksemdene som har ventelister, har Aufera stort sett hatt vanskar med å fylla opp dei 15 plassane med personar som fyller krav til VTA-plass.

Det har ikkje vore nokon på språkpraksisplass i 2016.

Verksemda har avtale med Hordaland fylkeskommune om arbeidspraksis for elevar i vidaregåande skule. Første halvår hadde var 3 elevar frå vidaregåande som hadde arbeidspraksis, og andre halvår auka dette til 5 då kjøkkenet vart opna meir. Det er elevar frå både Austrheim vidaregåande og Knarvik vidaregåande. Verksemda kan også selja plassar til kommunane, dersom det er personar som fell utanom reglane for VTA-tiltaket. Det har ikkje vore nokon på slik plass siste året.

I 2016 hadde Aufera tilsett (alle i 100%)

3 arbeidsleiarar/instruktør

1 sjåfør

1 dagleg leiar

I tillegg vart det nytta ein arbeidsleiar på timebasis på kjøkkenet.

Avdelingane

Verksemda sitt føremål er å tilretteleggja arbeidsplassar til yrkeshemma personar som har ei restarbeidsevne, uansett årsak til yrkeshemming.

VTA (Varig Tilrettelagt Arbeid) er for personar som har uførestønd, men ei restarbeidsevne. Tiltaket er ikkje tidsavgrensa. Det er varig, men det skal jamleg vurderast utdanning, andre tiltak eller ordinært arbeid.

Inntak av nye arbeidstakarar skjer etter søknad og godkjenning av NAV.

Frå februar 2014 har all aktivitet vore lokalisert til bygget vårt på Manger.

Vaskeri

Vaskeriet vårt er eit vaskeri med barrieremaskin for å kunna innfri krava til vask av institusjonstøy. Med sore og små har me om lag 80 kundar som får vaska arbeidstøy, matter og moppar, institusjonstøy, dukar m.m. I tillegg vaskar me ein del for private som dyner, ryer, dukar osv. Me tek og lettare reperasjoner som t.d. skifte av glidelås. Verksemda eig og leigar ut matter, arbeidskle og institusjonstøy. Me hentar og leverer til kundar i Austrheim, Lindås, Radøy og Meland. Også på Fedje har me faste kundar, men etter særavtale om henting og levering.

I 2016 inngjekk Aufera AS eit samarbeid med Renseriet AS, som gjer at ein no også kan tilby renseritenester. Dei hentar tøy på Aufera som skal rensast ein gang kvar veka, og kundane våre kan levera inn og henta her. Det vil sei at også denne regionen har renseriteneste no.

Verksemda har i mange år hatt eit samarbeid med ein del bibliotek i Nordhordaland. Me sorterer og fraktar bøk mellom biblioteka.



Harald sveiser kjeledressar



No kan du også få renseritenester hjå oss.

Treavdeling/vaktmeistergruppa

Treavdelinga produserer ulike treprodukt som t.d. notkassar, hagemøblar, blomsterkassar og ein del småprodukt. Avdelinga har og laga ein del pynteprodukt i betong. I store trekk vert det som skal gjerast av vaktmeisteroppdrag på eige bygg, gjort av denne gruppa. I 2016 hadde gruppa og ein del vaktmeisteroppdrag for andre, både private og offentlege.



Kjøkkenet

Kjøkkenet vart frå januar 2016 opna att ein dag for veka. Frå august vart dette auka til to dagar for veka. I tillegg til lunsjtilbod for dei som jobbar på Aufera, er det produksjon av lefser, flatbrød, knekkebrød, kaker og diverse urteprodukt. Samarbeidet med busselskapet som kjører turar i Nordhordland vart tatt opp igjen då kjøkkenet starta oppatt.



Julebaksten er i gang



Det går unna på lefsene våre

Samarbeid

Årleg har verksemda ei brukarundersøking, ei undersøking retta mot NAV, ei mot ordinært tilsette og ei kundeundersøking. Årsaka er at me må rapportera inn vidare resultat til Attføringsbedriftene og ASVL (vekstbedriftene sin organisasjon). Men også fordi me ynskjer å forbetra oss heile tida. For å gjera det må me ha tilbakemeldingar frå dei me samarbeider med. Me opplever at me får gode tilbakemeldingar frå alle hald. Sjølvsaugt og ting me kan gjera betre, men at samarbeidet fungerer godt.

Resultat av avvik, klager og LEAN (system for kontinuerleg forbetring) i 2016 var 4 klager, 72 avvik og 34 LEAN-forslag der 26 er gjennomført. Auke i avvika, men nedgang i LEAN. Truleg er årsaka kor flink eller ikkje me er på å dokumentera dei ulike tiltaka.

Ein del av dei som jobbar hjå oss har ansvarsgruppe (samarbeidsmøte der ulike instansar frå «hjelpeapparatet» saman med den det gjeld møtest). Me opplever gode samarbeidsforhald der det er oppretta slike grupper, og samarbeider godt med NAV, lege, psykolog, familie, skule og andre frå hjelpeapparatet.

Rådgevande utval er eit anna samarbeidsfora som fungerer godt.

Det har i mange år vore eit godt samarbeid med dei andre tiltaksbedriftene i Nordhordland. Det er faste leiarsamlingar der me utvekslar erfaring, me hjelper kvarandre når det trengst og me har felles kurs for ordinært tilsette.

I oktober hadde me felles aktivitetsdag i Nordhordlandshallen. Ei svært vellukka tilstelling som ein var samd om bør verta årleg. Fysisk aktivitet, underhaldning, mat og dans – dette freista til å gjera fleire gonger.

Kontrollar, sertifisering, rapportar m.m.

Kontrollutvalet i Austrheim kommune har tinga Eigarskapskontroll av Aufera AS. Nordhordland Revisjon IKS er i gang med det arbeidet, og den vil liggja føre i 2017. Fedje kommune gjennomførte ein slik kontroll i 2015. Slike kontrollar er lærerik og truleg med på å gjera oss betre på ein del felt. eQuass Assuranse er eit europeisk system for kvalitetssikring av velferdstenester med ekstern revisjon og sertifisering. Den gjer tenestelevrandørar i velferdssektoren moglegheit til å sikra kvaliteten av tenestene overfor brukarar og andre samarbeidspartar. Arbeids- og velferdsdirektoratet har sett krav om kvalitetssikring med ekstern revisjon og sertifisering for å kunna drifta ein del av arbeidsmarknadstiltaka. Aufera har som mange andre vekst og attføringsverksemdar valt eQuass som system. Me vart første gang godkjent i 2011, og må ha ny sertifisering annakvart år. Det er ei omfattande sertifisering som krev mykje av verksemda. Aufera er godkjent fram til 3.desember 2017, og må ha ny revisjon før godkjenninga går ut.

Resultat av attføringsarbeidet

Ingen av dei som har slutta i VTA-tiltaket har gått vidare til ordinært arbeid. Tilbakemeldingar frå dei som har VTA-plass er tydeleg på at dei får auka livskvaliteten sin vesentleg med å vera på Aufera.

Aufera har nok med åra vorte strengare i krava til dei som har arbeidet sitt her. Dersom ein ikkje kan eller vil innordna seg i reglar som gjeld i arbeidslivet, kan ein heller ikkje ha arbeid i Aufera.

Radøy hjarte- og lungelag kjøpte hjartestartar til Aufera. Denne fekk me overrekt av representantar frå styret deira i samband med eit førstehjeps kurs me hadde i Aufera. Dette sette me stor pris på.

Naboverksemda Gløde AS, har eit prosjekt i Moldova der dei hjelper til med å få starta opp liknande bedrifter i Moldova. I samband med det, har dei hatt besøk frå Moldova ved fleire høve. Delegasjonane som har vore i Noreg i samband med dette prosjektet, har også vitja Aufera når dei har vore her. Me set alltid pris på besøk, ekstra kjekt når det er langveggsfarande som kjem.



Representantar frå Radøy hjarte og lungelag med hjartestartar.



Delegasjonen frå Moldova får demonstrasjon av arbeidet på vaskeriet.

Omdømme til Aufera opplever me som godt. Me får svært mange gode tilbakemeldingar frå alle hald, både dei som jobbar her, familiane deira, kundar og andre samarbeidspartar. Tilbakemeldingar frå eigarane våre er me og godt nøgd med. Ikkje alle bedrifter kan skryta på seg at dei har tre ordførarar med seg kvart år på julebordet.



Staute representantar frå eigarane.



Og «hovudpersonane» på julebordet.

Manger, 13.02.2017

Kari Smith
Dagleg leiar